NOTERT

FOTO: VARGKLO

Ulv.

ROVDYR

Ulvestammen i Skandinavia veks

* Ulvestammen i Skandinavia blir framleis større, men veksten har ikkje vore like stor det siste året.

Hovudårsaka til veksten i ulvestammen er fleire ulvar i nabolandet vårt, Sverige, viser ein førebels statusrapport som Høgskolen i Hedmark og Viltskadecenter i Sverige har laga på oppdrag for norske Rovdata og det svenske Naturvårdsverket.

Totalt vart det registrert 40 nye ulvekull i Skandinavia i fjor, to fleire kvelpekull enn året før. ©NPK

MATTRYGGHET

Tilbakekaller fem tonn kjøttpålegg

* Grilstad Storkjøkken trekker tilbake over fem tonn kokt pålegg etter funn av listeriabakterier ved kuttemaskinene i Brumunddal.

Tilbakekallingen gjelder alle varianter av kokt pålegg med pakkedato fra 1. til 11. juni.

– Totalt er det 5.030 kilo kokt pålegg som er sperret eller trukket tilbake. Alle de aktuelle kundene er varslet, sier konserndirektør Ståle Gausen til VG.

Ifølge Gausen har ingen av produktene funnet veien til dagligvarebutikker, men han kan ikke garantere at ikke produktene har havnet hos hotell- eller restaurantkunder. ©NTB

* MATINDUSTRI

Kylling på børs kan gi milliardgevinst

Børsnoteringa av Nordens største fjørfekonsern kan gi eigarane milliardgevinst. Innteninga til giganten er størst i Norge.

Cardinal Foods, som har store anlegg for kylling og egg i Akershus, Vestfold og Rogaland, blei ein del av den nordiske fjørfegiganten Scandi Standard i fjor sommar. Eitt år etter er konsernet klar for børsnotering i Stockholm. Opptil 65 prosent av aksjane skal seljast.

Eigarane, det britiske investeringsfondet CapVest og det svenske samvirket Lantmännen, reknar med å dra inn opp til 1,6 milliardar kroner på børsnoteringa.

Gevinsten eigarane kan få av børsnoteringa kjem på toppen av at Lantmännen skal ha tent 425 millionar kroner alt ved danninga av konsernet i fjor. Salet av Kronfågel gav ei kontantutbetaling til medlemene på 298 millionar kroner. Ifølgje Dagens Industri kan mange av Lantmännens 32.000 medlemer nå få ein ytterlegare kjapp gevinst. Det sidan dei kjøpte seg inn i Kycklinginvest, som er selskapet som eig aksjane til Lantmännen i kyllinggiganten.

– Styrka av børsnotering

Fagfolk og marknadsaktørar er usikre på i kva grad børsnoteringa vil ha effekt for norske bønder og fjørfemarknaden. Sjølv håper konsernet å kome styrka ut av børsnoteringa.

– Vi meiner børsnoteringa vil gjere selskapet sterkare og dermed også til ein sikrare råvaremottakar for produsentane. Finansieringsstrukturen blir meir fleksibel, noko som gjer at vi kan utvikle oss, seier administrerande direktør Torfinn Prytz Higdem i Scandi Standard Norge.

Styreleiar Sveinung Svebestad i Nortura, som er den største konkurrenten her i landet, trur ikkje børsnoteringa har stor effekt.

– For vår del trur eg ikkje børsnoteringa spelar særleg rolle, men det blir endå tydelegare at formålet er å skaffe størst mogleg avkasting på kapitalen. Det er noko å tenke over for bønder som leverer til dei, seier han.

– Blir konkurransen tøffare?

– Eg trur ikkje det og vi har merka lite sidan fusjonen i fjor. Landbruket er ei så langsiktig næring at det ikkje alltid er best å foreine med krav om kortsiktig avskasting på børsen og kvartalstyranniet, seier Svebestad.

Nortura vann kampen om å bli leverandør til Ica Norge i vinter og tok dermed ein stor del av marknadsgrunnlaget frå Scandi Standard, som har merkenamnet Den stolte hane. Ein av rundt 15 bønder som følgde med på lasset over til Nortura er leiar Jan Arne Broen i Norsk Fjørfelag.

– Eg ser ikkje at børsnotering endrar så mykje, men når veksten i forbruket av kvitt kjøtt når taket om nokre år blir det nok tøffare kamp i marknaden, seier Broen.

Større inntening i Norge

Resultatet for første kvartal i år viser ein driftsmargin i den norske delen av Scandi Standard på 11,3 prosent. Det er tre gonger meir enn i Sverige og 2,5 gonger meir enn i den danske delen.

Higdem vil ikkje kommentere at inntening er langt høgare i Norge utover å seie at drifta går bra. Broen kommenterer tala slik:

– Det første som slår meg er at tala viser at bøndene kan få betre betalt, seier han.

Meiner toll utgjer risiko

Analytikar Anders Hägerstrand i den svenske næringslivsavisa Dagens Industri er sterkt kritisk til børsnoteringa, som han skriv «stinker kortsiktig klipp (gevinst) på lång väg». Han skriv at det er gått veldig kort tid sidan etableringa av konsernet og at marknadsføringa av aksjen har «gått över styr» og er både horribel og villeiande. Han skriv òg at årsaka til den høge innteninga i Norge er høg importtoll, som han meiner gir mindre konkurranse og høgare prisar. Det meiner han òg utgjer ein risiko for investorar med lang horisont.

Higdem svarar at selskapa kvar for seg har lang fartstid og at synspunktet elles får stå for analytikarens rekning.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

Kyllinggigant: Hallstein Bø og Jærkylling, som er ein del av den nordiske giganten Scandi Standard, blir i desse dagar børsnotert.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

BØRSNOTERING

«Det blir endå tydelegare at formålet er å skaffe størst mogleg avkasting på kapitalen.»

SVEINUNG SVEBESTAD
STYRELEIAR I NORTURA

Fakta

Scandi Standard

* **Nordens største fjørfekonsern** etter samanslåinga av svenske Kronfågel, danske Danpo og norske Cardinal Foods i fjor.
* **Marknadsleiar på kylling** i Sverige og Danmark. Hovudutfordrar til Nortura på egg og kylling i Norge.
* **5,2 mrd. sv. kr** i omsetning og nær 1700 tilsette, derav 300 i Norge.
* **Teikningsperiode for aksjekjøp** frå 17. til 25. juni. Første handledag på børsen i Stockholm er venta 27. juni.

nationen.no • Følg disse sakene i dag

Priskontrollen i Stortinget

Til stede: Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug vil være til stede når Stortinget i dag behandler priskontrollen og konsesjonsloven.

FOTO: KETIL BLOM HAUGSTULEN

KrF oppsummerer

Holder pressekonferanse: KrF ved partileder Knut Arild Hareide vil oppsummere de viktigste sakene og partiets erfaringer fra denne stortingssesjonen.

FOTO: NTB SCANPIX

Norges Banks rentebeslutning

Rentemøte: Norges Bank ved sentralbanksjef Øystein Olsen offentliggjør hovedstyrets rentebeslutning og presenterer årets andre pengepolitiske rapport.

FOTO: NTB SCANPIX

* **Mest lest på nationen.no:** 1. Alle veier fører visst til målet 2. Borchgrevink sluttar i Viken Skog 3. Gromt grillvær gledelig for grisebøner